

VERN MOT JORDØYDELEGGING.

Stortingsproposisjon nr. 1, 1951, åpner adgang til å søke om støtte fra staten ikke bare til avløsning av torvretter, men også om bidrag til uttappingsarbeider og torvtransportveier. Bevilgninger til disse formål gis under kap. 658. Innstillingen ble vedtatt den 10. mai i år, og etter 1. juli blir bevilgningen effektiv. Vi siterer nedenfor Landbruksdepartementets innstilling om saken:

«Bevilgning under dette kap. ble første gang gitt i terminen 1950—51 med kr. 50 000. Bevilgningen er ikke overførbar.

Etter de bestemmelser som er gitt i forbindelse med loven om vern mot jordøydelling vil det kunne oppstå tilfelle der vederlaget som bruksretthaveren kan få av grunneieren ikke helt ut vil dekke det tap bruksretthaveren blir påført ved reduksjon av bruksretten. I slike høve kan det være mulig at bruksretthaveren har krav på å få delvis dekning av staten. Det ansees derfor nødvendig å bevilge et beløp til dekning av eventuelle forpliktelser som måtte bli påført staten i forbindelse med denne lov, jfr. St.prp. nr. 1 for 1950.

Under arbeidet med utøvelsen av loven er en kommet bort i tilfelle der eiere eller bruksretthavere grunnet den nye lov hindres i å ta torv i torvtak de tidligere har benyttet og at de ikke vil kunne skaffe seg nye torvtak innen rimelig avstand fra boplassen uten å utføre et etter forholdene kostbart uttappingsarbeid og/ eller veianlegg for transport av torven fram til vei. Under forhold hvor den økonomiske evne er liten, slik at det er vanskelig å få nevnte påkrevde arbeider utført, kan dette skape vanskeligheter for gjennomføring av lovens formål.

For om mulig å unngå at jordvernlovens bestemmelser gjøres illusorisk på grunn av at økonomiske forhold stiller seg til hinder for fremme av en rasjonell torvdrift, finner derfor departementet å måtte foreslå at det under særlige høve gis adgang til av bevilgningen under dette kap. å tilstå mindre tilskott til felles uttappingsarbeider og/eller torvtransportveier som er nødvendige for å hindre jordøydelling.

En fører opp samme beløp som for inneværende termin, kr. 50 000.»

KALKINGSFORSØK PÅ MYRJORD.

I melding nr. 34 frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon gjør forsøksleiar H. Hagerup greie for resultatata av kalkingsforsøk på Mæresmyra i åra 1910—1949. Meldinga er trykt i tidsskriftet «Forsking og forsøk i landbruket», hefte 7—8 1950, og er også utgitt som sertrykk.

Verknaden av svakare og sterkare kalking, både ved oppdyrkinga og seinare, er her undersøkt i fleire langvarige forsøk. Eit av forsøksfelta har vore i gang i 35 år, dei andre ifrå 8 til 24 år. Myra som desse

forsøka er utført på, er karakterisert som grasmyr (storr-brunmosemyr), og ein finn opplysningar både om undergrunnen og dei plante-slagsa myrmassen er laga av. Myrlaget er frå 30—40 opp til 120 cm djupt, og myra er grøfta med 16 m grøfteavstand.

Kalkinnhaldet er etter måten stort, om lag 400 kg CaO pr. dekar til 20 cm djup. Det er prøvd ymse kalkmengder i forsøka, frå mindre enn 100 opp til 600—700 kg CaO pr. dekar ved oppdyrkinga, og til dels er det kalka opp att seinare. Vidare er samverknaden mellom kalk og ymse slag gjødsling undersøkt. Dei vanlegste kulturane har vore eng, bygg, havre og nepe.

På denne myra har kalkinga som oftast virka negativt til å begynne med, mest då dei største kalkmengdane. Med åra er kalkverknaden til dels blitt positiv for somme vekster, såleis for bygg og yngre eng med kløver, men har halde seg mest negativ for havre og nepe. Større mengder kalk, dvs. over 200—300 kg CaO pr. dekar, er det i alle høve ikkje grunn til å bruke på slik myr som denne. Og kalkverknaden sit lenge i, kan merkast tydeleg ennå etter 35 år på det eldste feltet.

Om ein har verknad av kalking åleine, blir kalkverknaden gjerne meir eller mindre utviska når det kjem gjødsling til. Dette heng m. a. saman med at kalken skyndar på moldinga av det organiske stoffet i myrmassen og dermed løyser ut kvelstoff som plantene kan nytte. Når det vert gjødsla med salpeter får denne verknaden mindre å segja. Eit unnatak har ein likevel her, med di ammoniumsulfat (svovelsur ammoniakk) treng tilskott av kalk for å verka normalt.

Kalkverknaden vert også påverka av kva slag fosforgjødsel ein brukar. Kalken har i det heile tendens til å setja ned verknaden av fosforgjødsel, og dette meir for tomasfosfat enn for superfosfat, og di meir, di større kalkmengden har vore. Ein kan gå ut ifrå at kalken bind fosforsyra så sterkt at plantene ikkje får nytta fosforet. I samsvare med dette er det då også funne større fosforinnhald (større laktattal) i kalka enn i ukalka jord frå forsøksfeltet..

Rekna under eitt for heile driftsomlaup og for dei forsøksledda der det er brukt allsidig kunstgjødsling, vert det ingen avlingsauk for kalking her.

Heller ikkje har kalken synt nokon nemnande verknad på kvaliteten av avlingane. I første års eng blir det gjerne noko meir kløver etter kalking og dermed noko meir protein i høyet, men kløveren er sers uviss og uvarig på myr og har lita å segja her.

Kalk er eit billegt kulturmiddel, så det skal ikkje nokon stor verknad til før det kan løna seg å kalka. I samband med desse forsøka er det rekna at 1 tonn kalksteinsmjøl med frakt, spreining og rentetap kjem på vel 34,00 kroner. Med ei kalkmengd på 200 kg CaO blir kostnaden pr. dekar snaut 2,00 kroner. Og set ein føreininga til 30 øre, skal det 23 f.e. pr. dekar i omlaupet eller 3—4 f.e. pr. år til å dekke kostnaden. Like vel er det berre i dei sjeldnaste tilfelle at kostnaden med kalkinga er betalt i eit omlaup..

I samband med meldinga har vi stilt forsøksleiaren eit par spørsmål.

— Verknaden av kalking på myr skulle vel nå vera ganske grundig utprøvd, eller meiner De ein må halda fram endå lenger?

— I det store og heile kan ein nok segja at kalkspørsmålet er bra klarlagt når det gjeld slik myr som denne, dvs. god kalkrik grasmyr. Men det melder seg også her stadig nye spørsmål som må granskast, m. a. må vi sjå nærmare på årsakene til at kalken verkar snart slik og snart slik. Og så har vi jo andre, ringare myrtyper som ennå ikkje er nøyande granska, endå vi nok har havt forsøk på slike myrer og.

— Er det større verknad av kalking der?

— Ja, på lite molda mosemyr og mineralfattig grasmyr kan kalkinnhaldet vera svært lite, i forsøka har vi havt myr med ned til 30 kg CaO pr. dekar, elles har det på desse felta gjerne vore derifrå og oppover til vel 100 kg. På slike myrer har det vore gode utslag for kalking med 200—300 kg pr. dekar. Men på mosemyr har vi da samtidig ført på mineraljord, mest sand og sandblanda leir. Utan det blir det gjerne for små avlinger.

Ein kan få eit godt vink om ei myr treng kalking med å få undersøkt kalkinnhaldet i prøver av myrjorda. Er det mindre enn 350—450 kg CaO pr. dekar, kan ein rekne at myra treng kalking.

Haakon Foss.

GJØDSLING AV ENG PÅ MYR.

I melding nr. 35 frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon legg Aksel Hovd fram resultatata av forsøk med svakare og sterkare gjødsling til eng på myr i åra 1933—1948. Meldinga er trykt i «Forskning og forsøk i landbruket», hefte 7—8 1950, og er også utgitt som sertrykk.

Forsøka er for ein del utført på forsøksstasjonen si eiga jord, og for ein del andre stader, både på god og mindre god myr. Dei fleste forsøka er hausta i 4—5 år, somme opp til 9 år.

På forsøks garden har dei fleste forsøka legi på vel molda grasmyr som for lenger tid sidan var fullt oppdyrka og som har vore bra gjødsla gjennom åra, men eit par forsøk har legi på nydyrka myr. Til attlegget er det brukt om lag 3 kg timotei og 0,5 kg kløver pr. dekar. Kløveren har ikkje gjort noko vidare av seg her, så enga har mest vore rein timoteieng.

Hovudoppgava for forsøka har vore å undersøke kor langt det kan løne seg å gå med gjødselmengda til eng på slik myr. Det er brukt tresidig blanding av dei vanlege kunstgjødselslaga. Samansettingen av blandinga har veksla noko, m. a. er mengden av kvelstoffgjødsel regulert etter moldingsgraden i myra. På mindre vel molda myr er det brukt like mykje kalksalpeter som superfosfat, på vel molda myr $\frac{1}{3}$ mindre. Mengden av kaliumgjødsel har også vore re-